

MELLOM ISTIDENE

eit seminar om

EUROPAS SISTE VILLREIN

Foto: Per Jordhøy



Litteraturhuset i Oslo, Wergeland
Tysdag 21. februar 2023 kl. 10.30–15.30
Strøyming: [her](#)

Påmelding seinast 15. februar:
Betalt inn kr 50 (deltaking) eller kr 250 (inkl. lunsj og kaffe) til
konto 9365.19.94142 eller Vipps #551769. Merk betaling «Villrein 2023».

I 2021 kom villreinen på Artsdatabankens raudliste. Kva skal til for at arten overlever? Målet med seminaret er kunnskapsutveksling om villreinen i den norske fjellheimen.

Europas siste villrein

Nesten all den gjenlevande europeiske villreinen held til i sørnorske fjellområde. Noreg har difor eit internasjonalt ansvar for å ta vare på arten. Regjeringa har vedteke at det skal lagast ei stortingsmelding om villreinen. Klima- og miljøminister Espen Barth Eide meiner at det er «eit stort behov for å betre tilhøva for villreinen i Noreg. Det er naudsynt for å sikre at arten overlever.» Det har vore bygd mykje kunnskap om villreinen sidan årtusenskiftet. Leveområda blir likevel stadig forringa gjennom nedbygging og forstyrrende aktivitetar. Målet er å snu denne urovekkjande trenden.

Om arrangøren

Føremålet med foreininga Bevar Dovrefjell Mellom Istidene (BDMI) er å arbeide for å bevare og å reetablere eit intakt økosystem på Dovrefjell. Foreininga legg til rette for samarbeid, bidreg med informasjonsarbeid og deltek i prosessar knytt til utnyttinga og forvaltninga av Dovrefjell. Foreininga vart etablert i 2008.

Bevar Dovrefjell Mellom Istidene saksøkte staten for brot på naturmangfaldslova da Miljøverndepartementet godkjente utbygginga av turisthytta Snøheim i 2010. Foreininga tapte saka. Svein og Yngvild Sæter viser i boka *Kampen om Dovrefjell* at Miljøverndepartementet opptredde uryddig og partisk – og at utbyggingsløyvet berre vart gjeve av politiske omsyn. Klare faglege tilrådingar om å skjerme området av villreinomsyn vart ikkje vektlagt.

Program

Kl. 10.45 | Opning ved Hans Erik Wold, leiar i Bevar Dovrefjell Mellom Istidene.

Kl. 11.00 | Guri Sørungård Botheim les frå diktsamlinga *Heime mellom istidene*.

Kl. 11.05 | Svein Sæter: *12 000 års samliv med villreinen*. Innleiing ved forfattaren av boka *Kampen om Dovrefjell. Europas siste intakte høgfjellsøkosystem*.

Kl. 11.45 | Forskar Hans Olav Bråtå: om forvaltninga av villreinen og villreinens ressursssystem i Rondane – sett i eit arealperspektiv med makt og kunnskap som innfallsvinklar.

Kl. 12.30–13.30 | Lunsj

Kl. 13.30 | Guri Sørungård Botheim les frå den komande romanen *Høgfjellsmeldinga*.

Kl. 13.35 | Sverre Løvaas: om Snøheimsaka. Utbygginga av Snøheim, ei turisthotell-liknande hytte, var eit stort inngrep i nasjonalparken og til skade for villreinens trekkmonster og leveområde. Etableringa skjedde på reint politisk grunnlag og under utøving av «vald» på eksisterande vernereglar.

Kl. 14.10 | Per Jordhøy presenterer forskning om villreinen og viser filmen «Villrein & samfunn», ein film som prøver å lyfte kunnskapen «frå menigheit til samfunn». Fragmentering av leveområda er i dag ein stor trussel for villreinen. Kva er dei lange linene og kva kan vi lære av fortida? Fangstkulturen gjev oss nyttig kunnskap om korleis villreinen og menneska har brukt areala i tidlegare tider.

Kl. 15.30 | Slutt

Foto: Benedikte Skarvik



Om bidragsytarane

Guri Sørungård Botheim kjem frå Lesja, ho er forfattar og rådgjevar i Norsk Forfattersentrum. Diktsamlinga *Heime mellom istidene* (2016) undersøker kva det vil seia å kjenne seg heime og inneheld ei rekkje fjelldikt. Romanen *Høgfjellsmeldinga*, som kjem ut i mars 2023, utspelar seg på Hjerkin. Hovudpersonen får i oppdrag å skrive ein NOU-rapport om villreinen og fjellet si etiske stemme.

Svein Sæter er forfattar og journalist. Mange av bøkene hans har tema frå natur og historie. Han har ferdast i Dovrefjell og Sunndalsfjella sia barndommen, og har skrive mykje om denne store fjellheimen i aviser, tidsskrift og bøker. Sist haust gav han ut boka *Kampen om Dovrefjell*. Europas siste intakte høgfjellsøkosystem, i samarbeid med dottera Yngvild Sæter. I boka viser dei fram unike naturverdiar, som villreinen, og kva som truar desse verdiane.

Hans Olav Bråtå er forskar ved Østlandsforskning, Høgskulen i Innlandet. Han er dr.scient. i ressurs- og landskapsgeografi frå Universitetet i Oslo. Bråtås doktoravhandling tek for seg opprettinga av Rondane nasjonalpark og er ein samfunnsvitenskapleg analyse av forvaltninga av villreinen og areala i Rondane frå slutten av 1800-tallet til 2000. Bråtå var forskar ved Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) i åra 1988–2001. I seinare år har forskinga hans omfatta studiar av forvaltning av villrein og fellesressursar, kommunal- og regionalplanlegging, naturforvaltning, mat- og ølhistorie og innovasjonar.

Sverre Løvaas er pensjonert advokat og juridisk rådgjevar for *Bevar Dovrefjell Mellom Istidene* (BDMI). Han har tidlegare vore styremedlem i foreininga. Løvaas er frå Sunndal og bur for tida i Trondheim.

Per Jordhøy er forfattar, rådgjevar, kåsør og naturfotograf frå Lesja, busett på Linesøya. Jordhøy har skrive ei rekkje sakprosa-bøker og over 200 fagrapportar og artiklar innan emnet natur og kulturhistorie. Han arbeidde i Norsk institutt for naturforskning i åra 1987–2018, innan fagområdet høgfjellsøkologi, med villrein som spesialfelt. Jordhøy har studert den gamle fangstkulturen i Dovrefjell, Rondane og Reinheimen, og skrive det faglege grunnlaget for verdsarvsøknaden «Den gamle villreinfangsten».